



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## Møteinkalling

---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR

**Møtested:** Teams, Teams

**Dato:** 03.07.2020

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902.



Fotograf: Jon Erling Skåtan



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 25/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 26/20	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 28/20	Orienteringssaker
AU 30/20	Statkraft Energi A/S - Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med vedlikehald av driftshytte i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og SVR landskapsvernområde, gnr/bnr, 7/2, Bykle kommune
AU 31/20	Søknad om utbetring og tilbygg på støylsbu Augundstjønn, 50/68/1 Torleiv Bø. Valle kommune.
AU 32/20	Kameraproduksjon A/S - Søknad om helikoptertransport til Kjerag i samband med filmopptak til Lysebotn Opp, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune
AU 29/20	Eventuelt

**AU 25/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**AU 26/20 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**AU 28/20 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/5601-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 30.06.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	30/20	03.07.2020


### **Statkraft Energi A/S - Søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med vedlikehald av driftshytte i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og SVR landskapsvernområde, gnr/bnr, 7/2, Bykle kommune**

#### **Forvalters innstilling**

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3.1 og 3.2 og kapittel IV, punkt 3.4, bokstav c i Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde, samt kapittel III, kapittel IV, punkt 5.1, bokstav a, b og c og kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, får Statkraft Energi A/S dispensasjon til å bruke helikopter i samband med transport av materialar til vedlikehald av ei driftshytte på Djupetjønnuten vest for Storevassdammen. Motorferdsla har eit avgrensa omfang og forstyrringane av villreinen er sterkt avgrensa i tid. Det kan derfor gis dispensasjon til tiltaket.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 transportar i tidsrommet 01.08-30.09.2020.

Dispensasjonen gjeld for landing og lågtflyging ved landingspunktene og vanleg flygerute mellom dei som vist på kartet under.





Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- I medhald av kapittel IV, punkt 3.4, bokstav b i Forskrift om vern av Steinbuskardet – Hisdal biotopvernområde, skal all lufttransport meldast til Statens naturoppsyn før transporten tek til.
- Flyginga mellom landingspunktene skal skje etter kortaste rute.
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunktene.
- Om det blir observert villrein nær landingspunktene skal transportane avventast til faren for forstyrring er over.

## Saksopplysninger

### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 16.06.2020 og telefonsamtale med søker same dag.

Statkraft søker om dispensasjon til helikoptertransport av materialar i samband med utvendig vedlikehald av driftshytta på Djupetjønnuten. Driftehytta ligg i Setesdals Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, mens det andre landingspunktet under Storevassdammen ligg i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernombordet. Det søkast om inntil 10 transportar for ein dag i august eller september 2020. Dette er den einaste tida på året kor vegen inn til Storevassdammen er mogleg å køyre på grunn av store snømengder og tidleg vinter i området.

### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Steinbuskardet – Hisdal biotopvernombordet av 28.04.2000.
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombordet av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

### Heimelsgrunnlag

Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernombordet vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernombordet er etter kapittel III i verneførreskrifta:

*"..... å sikre eit særskilt heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei."*

Motorisert ferdsele i Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernombordet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 3.1, kor det heiter at motorisert ferdsele på land er forbode, og punkt 3.2 kor det heiter at lågtflyging under 300m er forbode. I kapittel IV, punkt 3.4, bokstav c, heiter det vidare at forvaltningsstyremakta kan gje løyve til "Luft- og snøscootertransport av materialer til hytter, klopper mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.".

Det omsøkte tiltaket kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 3.1 og 3.2, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 3.4, bokstav c for å kunne gjennomførast.



Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombåde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombåde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombåde blir regulert av verneforskrifta kapittel 5, punkt 5.1a, kor det heiter at motorisert ferdslle på land er forbode. I kapittel 5, punkt 5.4b heiter det at forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til " *Naudsynt luft- og snøscootertransport av materialar til hytter, klopper mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.* "

Det omsøkte tiltaket kjem etter vårt syn inn under kapittel 5, punkt 5.1a, og krev derfor dispensasjon etter kapittel 5, punkt 5.4c for å kunne gjennomførast.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Steinsbuskardet–Hisdal biotopvernombåde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombåde.

## Vurdering

### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Det omsøkte landingspunktet på Djupetjønnuten ligg om lag 1180 m.o.h i eit storkupert ope fjellandskap dominert av fjell i dagen og elles skrinn vegetasjon. Landingspunktet under Storevassdammen ligg om lag 990 m.o.h på eit gammalt riggområde.

Områda ved Steinbuskardet har tradisjonelt vore eit heilt sentralt område for villreinstamma i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Etter Ulla-Førre utbygginga har store inngrep i område som Storevassdammen, Blåsjø, anleggsvøg og kraftliner med ført at villreinens sin bruk av område er sterkt redusert. Tidlegare trekk gjennom område har langt på veg gått ut av bruk, og i praksis er villreinstamma vorte delt i ein nordleg og ein sørleg stamme. Delinga av villreinstamma blir langt på veg stadfest av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at berre to av dei fjorten simlene som har nytta området i perioden 2006-2010, har trekt gjennom Steinbuskardet den tida dei hadde sendar. Sjølv om trekket mellom nord og sør langt på veg har stoppa opp, er Steinbuskardområdet framleis eit viktig leveområde for villreinen. Det viser seg at heile ni av dei ti merka simlene i sørrområdet hadde vore innafor grensene til Steinbuskardet-Hisdal biotopvernombåde den tida dei hadde sendar. Dette blir og stadfest av nyare GPS plott (2011-2018) på [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no)

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert fleire villreintrekk i området.



Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Så langt forvalningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns andre slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle området som kan ta skade av den omsøkte motorferdsla.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det registrert ei lang rekke kulturminne ved Vestre og Heimre Gyvatnet, som mellom anna steinalder buplassar og dyregraver. Dei omsøkte tiltaka er likevel lokalisert lengre nord og vest og vil ikkje komme i konflikt med dei registrerte kulturminna.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og dei tilgrensande områda innan Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombane, er eit viktig trekk-, kalvings- og leveområde for villreinen, og har fått eit særleg omfattande vern. Likevel er området sterkt påverka av tekniske inngrep og ei relativt omfattande ferdsel. Storevassdammen er eit dominerande element i landskapet og det same kan seiast om dei to kraftlinjene som går gjennom området. Det kjem og inn ein anleggsveg nordfrå som ender på sør sida av Storevassdammen. I dette området er det og to tippområde og ein steinsett kanal. Turistløypa mellom Hovatn og Storsteinen og mellom Storsteinen og Kringlevatn går og gjennom området. I 2018 ferdast om lag 250 turistar etter desse turistløypene, mens om lag 250 personar kom inn i området via anleggsvegen. Denne vegen er stengt med bom, men nyttast av Statkraft og Statnett i samband med tilsyn av installasjonar og kraftlinjer. Ut over Statnett sitt eksisterande løype til ettersyn av kraftlinjene, er det ikkje gjeve andre løype til motorferdsle i området.

Den samla belastninga frå ferdsle og fysiske inngrep må derfor vurderast som såpass omfattande at den har negativ innverknad på villreinens bruk av området. Dette skulle tilseie ein restriktiv haldning i høve til både eksisterande og nye tiltak i området.

Etter forvalningsstyresmakta si vurdering har likevel den omsøkte helikoptertransporten eit såpass avgrensa omfang, at den berre til ein viss grad fører til større belastning på økosystemet i området. Helikoptertransportane vil til dømes bli unnagjort i løpet av nokre timer. Den omsøkte motorferdsela og aktiviteten i samband med vedlikehaldsarbeidet, vil medføre fare for forstyrring av villreinen, men berre for eit avgrensa tidsrom og på ei tid på året da villreinen ikkje er mest sårbar for forstyrring.

Normalt vil det ikkje bli gitt dispensasjon til helikoptertransport i tida det er villreinjakt (20.08-30.09), for å unngå ytterlegare forstyrring av villreinen. I denne sakha innstiller forvalningssekretariatet på å gjere eit unnatak. Dette kjem av at anleggsvegen inn til Storevassdammen berre er køyrbar i august og september. På grunn av store snømengder i 2020 vil vegen truleg ikkje være køyrbar før i september.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Etter forvalningssekretariatet si vurdering vil bruk av helikopter være den beste løysinga for transportbehovet som er skissert i søknaden.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.



**Konklusjon**

Den omsøkte motorferdsla med tilhøyrande vedlikehaldsarbeid på driftshytta, vil kunne medføre forstyrring av villreinen i eit område som har fleire viktige funksjonar for villreinstamma. Tiltaket vil derfor til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiene i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, og kjem samstundes i konflikt med verneføremålet kor det å ta vare på villreinen sine trekkområde er eit sentralt punkt. Samstundes har motorferdsla eit avgrensa omfang og forstyrringane sterkt avgrensa i tid. Det kan derfor gis dispensasjon til tiltaket.



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

---



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/4900-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 29.06.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	31/20	03.07.2020

### **Søknad om utbetring og tilbygg på støylsbu Augundstjønn, 50/68/1 Torleiv Bø. Valle kommune.**

#### Vedlegg:

- 1 Oversending av sak til handsaming hjå SVR - 50\_68 Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, rehabilitering og oppføring av tilbygg til støylsbu ved Augundstjønn
- 2 Beskriving av tiltaket
- 3 Teikningar

#### **Forvalters innstilling**

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord* kap. 1.3.c gir arbeidsutvalet Torleiv Bø 50/68/1, løyve til å føre opp eit tilbygg på støylsbua med inntil 2,5 m<sup>2</sup> BYA. Total storleik vil etter dette verte 31,5 m<sup>2</sup> BYA.

Arbeidsutvalet legg vekt på at storleiken på tilbygget er lite og at utforming og materialbruk gjer det godt tilpassa eksisterande bygning og bygningsmiljøet på staden. Det vil heller ikkje endre bruken av støylsbua eller eksponeringa i landskapet. Ut i frå dette vil ikkje tiltak stri mot verneføremålet.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Utbetring av støylsbua og oppføring av tilbygg skal vera i tråd med teikning sendt over frå Valle kommune dagsatt 5.6.2020 og brev frå Plankontoret Hallvard Homme datert 25.5.2020. Taktekke på støylsbua skal vera torv og det skal nyttast ståande kledning beisa mørk brun. På eine delen av taket på tilbygget tillatast bordkledning som taktekke.
- Støylsbua skal settast opp på same tomt som ho står i dag og på dei same tuftane som eksisterande bygning. Tilbygget skal settast på fundament/mur av tilsvarende materiale og byggemåte som eksisterande murar.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut og leverast på godkjend mottak.



- Alt arbeid skal vera avslutta innan 6. juli 2023. Forvalningssekretariatet skal ha melding så snart arbeidet er ferdig.

Det må søkjast særskilt om motorisert transport for gjennomføring av tiltaket. Ut og inntransport av støylsbua må skje ved bruk av helikopter.

## Saksopplysninger

Torleiv Bø, 50/68/1 eig ei støylsbu ved Augundstjønn i Valle vesthei. Støylsbua er prega av tid ver og vind og det er trong for omfattande vedlikehald og vøling. Støylsbua er bygd som ei «plankebu» der plank er stabla opp på kvarandre og festa inn i stolpereiset. Støylsbua er utvendig kledd med stående kledning. Berekonstruksjonen er skada som følgje påkjenning frå vind og snø. For å halde støylsbua oppe er ho innvendig støtta opp. Planen er å ta ned støylsbua, byggje oppatt reisverket/forsterke dette og nytte mest mogleg av gamalt virke. Rote/øydelagt virke vil bli erstatta med tilsvarende nytt. Det vert samstundes søkt om å byggje på eit tilbygg ved inngangsdøra for å få eit betre skydd mot snø og vind.

Storleiken på eksisterande støylsbu er i følgje teikningane som følgjer søknaden 29 m<sup>2</sup> BYA. Storleiken på tilbygget er 2,5 m<sup>2</sup> BYA. Total storlek vil etter dette bli 31,5 m<sup>2</sup> BYA. Sjå søknad vedlegg 1 – 3. Samt kart og biletet nedanfor.

Det er ikkje uthus/vedskjol tilhøyrande støylsbua. Det ligg til saman tre støylsbuer på denne plassen. Teikning og kart over området er teken inn nedanfor. Støylsbua ligg på ei festa tomt men er følgje byningsregisteret definert som støylsbu.


Bilete av støylsbuene ved Augundstjønn. Aktuelle bygning til venstre i biletet.



Dokumentasjon av skade: botnsvillen i ferd med å gli ut (bilete til venstre). Roteskader på kledning (bilete til høgre)



Grunnriss (tilbygg merka raudt) og utsjånd på støylsbu m/tilbygg sett fra aust.





### Kart over plassering



### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forv.plan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane fra 2015
- Naturmangfaldlova.

### Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa



---

Jamfør verneforskrifta kap. 1.1 er byggetiltak forbode i verneområdet. Etter forskrifa kap. 1.3.c kan det på nærmere vilkår gjevest løye til mindre tilbygg til eksisterande bygningar om det ikkje strir mot verneføremålet. I forvaltningsplanen kap. 2.3.4 er det gjeven retningsline om at utviding av støylsbuer kan tillatast opptil ein total storleik på 50 m<sup>2</sup> BYA om det er dokumentert særskilte behov og det ikkje strir mot verneføremålet eller er eit trugsmål mot verneverdiane.

Som følgje av trong for omfattande vedlikehald må støylsbua plukkast ned og skada/rotne delar må bytast ut. Byggemåte og materialbruk skal vera tilsvarende som eksisterande støylsbu og ho vil med unntak av tilbygget få same utsjånad som i dag. Etter forvaltar si vurdering kan det difor definerast som vedlikehald som etter kap. 1.2.b i verneforskrifta er tillate utan søknad.

## Vurdering

### *Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8 - 12*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

#### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*


Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for sensitive artar, samt frå GPS-merkeprosjektet i regi av NINA. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Støylsbua er av eldre dato, truleg over 100 år gamal, og det ligg som nemnd to andre støylsbuer i same område. Fylkeskonservator har hatt saka til uttale. Dei hadde ingen merknad til tiltaket.

Villreinen nytter området gjennom store delar av året men i størst grad gjennom vinterhalvåret. I naturbasen ligg støylsbua i område definert som sommarbeite for villrein. Det er også merka av trekkruter for villrein på austsida av Augundstjønn og over Storudfjellet nord-vest for vatnet. Om lag ein halv kilometer mot aust kjem ein inn i kalvingssona Svarvaren der det jamfør verneforskrifta kap. 4.2 er ferdelsforbod i perioden 25.4 – 31.5. Sjå kart nedanfor.



Kart frå naturbasen som syner kalvingsområde og trekkvegar.



Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar i områda som vert råka av tiltaket. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

#### Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Støylsbua ligg om lag midt mellom dei to turisthyttene Svartenu og Bossbu og merka sommarløype mellom dei to turisthyttene går langs nord-vestre kant av Augundstjønn. Merka vinterløype går over Kolsvatn litt lenger vest. Gjennom året er det ein god del ferdsel i desse løypene. Motorisert ferdsel i området er i første rekke knytt til transport til turisthyttene samt til andre støylsbuer og driftshusvære i denne delen av heia. Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga moderat. Sjølv om byggetiltaket i seg sjølv er lite er det viktig at ein ikkje berre ser på dette isolert men har eit langsigtig og heilskapleg perspektiv på byggetiltak i verneområdet. Storleik og utforming av tilbygget vil vera av ein slik karakter at det i praksis ikkje vil bli meir eksponert i landskapet.

#### Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Det er eit omfattande arbeid som skal gjerast på plassen inkludert transport av heile støylsbua ut og inn. Bua ligg i eit tradisjonelt støylsmiljø med to andre støylsbuer. Det er viktig at tilbygget og annan istandsetting vert gjort på ein slik måte at ein tar vare på bygningsmiljøet på plassen. Detaljerte vilkår om dette er teken inn i vedtaket.

Støylsbua skal plukkast ned, transporterast heim for istandsetting og sidan fraktast inn att. Dette vil naturleg nok krevje omfattande motorisert transport. Søkar har på telefon opplyst at



---

han legg opp til å nytte helikopter til dette. Etter forvaltar si vurdering vil dette vera eit klart betre alternativ enn omfattande bruk av snøscooter i eit mykje nytta vinterbeite for villrein samt med nærliken til kalvingsområde i aust. Eit forsiktig anslag på tal turar er 8 – 10 kvar veg.

Motorisert transport må søkast om særskilt. Det vil normalt ikkje bli gjeven løyve til bruk av helikopter i perioden med reinsjakt eller i perioden 1.4 – 1.6 grunna omsyn til fugl i hekketida.

## Konklusjon

Det vert gjeven løyve til tilbygg på støylsbua slik det er søkt om. Storleiken på tilbygget er lite og utforming og materialbruk gjer det godt tilpassa eksisterande bygning og bygningsmiljøet på staden. Det vil heller ikkje endre bruken av støylsbua eller eksponering i landskapet. Ut i frå dette vil ikkje tiltak stri mot verneføremålet. Det må knytast vilkår til løyvet.

Kopi:

*Torleiv Bø  
Plankontoret Hallvard Homme  
Valle kommune  
Fylkesmannen i Agder*



Verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene

Vår ref.: .2020/479-7

Sakshandsamar: Lise Fosså<sup>1</sup>  
[lise.fossa@valle.kommune.no](mailto:lise.fossa@valle.kommune.no)

Dato  
05.06.2020

## Oversending av sak til handsaming hjå SVR - 50/68 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, rehabilitering og oppføring av tilbygg til støybsbu ved Augundstjønn

Syner til vedlagte søknad om rehabilitering og tilbygg til eksisterende støybsbu.

Kommuneplanen i Valle opnar opp for å kunne gi dispensasjon for tilbygg til støybsbu utan drift så lenge bua ikkje vert større enn 30 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) etter tilbygg.

Valle kommune kan handsame søknad om dispensasjon når SVR har handsama søknaden.

Med helsing  
Valle kommune

Lise Fosså  
Rådgjevar byggjesak

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Vedlegg:

- |   |            |
|---|------------|
| 1 | E-post     |
| 2 | Nabovarsel |
| 3 | Nabovarsel |
| 4 | Nabovarsel |
| 5 | Nabovarsel |
| 6 | Foto       |
| 7 | Kart       |
| 8 | Teikningar |


Kopi til:

Torleiv Bø

Bøvegen 203

4747

VALLE



Plankontoret Hallvard Homme AS

Valle kommune  
Byggesak  
4747 Valle

Valle den 25. mai 2020

## **Søknad om løyve til tiltak utan ansvar. G. nr. 50, br. nr. 68, feste nr. 1.**

**Rehabilitering av setebui ved Augundtjønn, Setesdal Vesthei.**

**Søkjar: Grunneigar Torleiv Bø, Bøvegen, 4747 Valle**

### **1. Innleiing**

Torleiv Bø eig garden Røyso 56/3 og Neireberg 50/4. Han eig også setebu på støylen Augundtjønn. Denne bui er sterkt medfaren av tid, vær og vind og treng vøling. Behovet for vølinga går fram av dette brevet lenger nede og er dokumentert med bilet og forslag til utbetring. Søknaden omfattar og å bygge på ei «vindverje» ved inngongsdøra, ettersom dørropninga stort sett heile vinteren er dekket med store mengder snø. Tilbygget er på 2-3 m<sup>2</sup> og samla areal for bui ligg innafor arealramma i verne-området på 30 m<sup>2</sup>.

Torleiv Bø er utdanna tømmermann og skal stå for utføringa sjølv.

### **2. Naturbetina forhold**

#### Ras:

Raskart frå NVE syner at støylen ikkje er rasutsett.

#### Flaum:

Området er ikkje flaumutsett.

### **3. Infrastruktur**

- Tilkomsten til bui er heivegen frå Bø, med parkering på eigen parkering i Berg.
- Bui har ikkje vatn, kloakk eller straum


### **4. Bygning på byggjeplassen, vølingsarbeidet**

Det er planlagt eit tilbygg som verne mot snøskavlar ved inngongsdøri. Tilbygget er på 2,5x1,0 m som kjem i tillegg til bui på 5,0x5,5 m. Sjå teikningar.

Bui er i utgangspunktet ei «plankebu», der plank er stabla opp på kvarandre og innfest i stolpereiset. Bui er nok over 100 år gammal og er kledd utvendig med trepanel.

Berekonstruksjonen har ikkje tolta snø- og vindpåkjenningar o. For å halda bui opp er det gjort innvendige oppstyttingar, likevel er veggjar skeive og står med stor fare for samanbrot.

For å rette på dette er tanken å taka ned bui, byggje oppatt reisverket/forsterke dette og bruke mest mogeleg av nyttbart virke. Rote/øydelagt virke skal erstattast mest mogeleg med tilsvarande i nyt.



Plankontoret Hallvard Homme AS



Døme på mellombels understøtting/avstiving inne i bui.




Gavlen mot aust er i ferd med å bryte saman., Stavlægje må bytast ut/forsterkast.

**Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE**

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

[post@plankontoret.no](mailto:post@plankontoret.no) Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476



Plankontoret Hallvard Homme AS



Råteskadar må utbetrast




Botnsvill i ferd med å gli ut.

Sjå elles teikningar og foto i vedlegget.

**Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE**

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

[post@plankontoret.no](mailto:post@plankontoret.no) Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476



Plankontoret Hallvard Homme AS




Setebui og inngangsdør i snøkavet

**Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE**

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

[post@plankontoret.no](mailto:post@plankontoret.no) Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476



Plankontoret Hallvard Homme AS

### 5. Aktørar i byggjeprosessen

Føretak	funksjon	
<b>Tiltakshavar:</b> Torleiv Bø Bøvegen 4747 Valle Tlf. 909 72 574	Initiativtakar, grunneigar, utbyggjar	
<b>Søkjar:</b> Som ovafor	Søknad	
<b>Teikning:</b> Som ovafor		
<b>Utføring:</b> Som ovafor		

### 6. Nabovarsling

Naboar er varsla, ein med overlevering personleg. 10 med epost med bekrefting om at eposten er motteken. Sjå vedlegg.


**Ingen har merknadar til tiltaket.**

Med helsing  
På vegner av eigar/søkjar


Plankontoret Hallvard Homme AS  
Hallvard Homme

Vedlegg: Komplett søknad


(4)



15




6



MOT WEST.

7



8



• MOT AUST.



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/5629-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 30.06.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	32/20	03.07.2020

## Kameraproduksjon A/S - Søknad om helikoptertransport til Kjerag i samband med filmopptak til Lysebotn Opp, Frafjordheiane landskapsvernombane, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune

### Forvalters innstilling

I medhald av §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernombane, får Kameraproduksjon A/S avslag på sin søknad om dispensasjon til å bruke helikopter til transport av mannskap og utstyr i samband med filmopptak på Kjerag 06.08.2020.

I Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, er det opna for helikoptertransportar til Kjerag i samband med film- og fotoreportasjar i eit tidsvindauge juni og eit i siste halvdel av september. Det går og fram av forvaltningsplanen at det ikkje skal gjevast dispensasjoner til bruk av helikopter ved Kjerag utanom desse tidsvindauga. Dette for å unngå omfattande forstyrriingar av dei mange forturistane på staden. Ein dispensasjon vil kunne få omfattande presedensverknadar, og føre til ei sterkt auke av motorferdsela i verneområdet. Motorferdsla det er søkt om vil derfor være i strid med verneføremålet. Det er såleis heller ikkje grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova.

### Saksopplysninger

#### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 30.06.2020, og verneområdestyret sin dispensasjon til eit liknande søknad frå 2019 (styresak 19/19).

Kameraproduksjon A/S ved Helge Fjogestad, søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernombane. Søknaden gjeld transport av artistar, filmmannskap og utstyr i samband filming til TV sendinga frå Lysebotn Opp seinare på dagen. Søknaden gjeld for 2 transportar torsdag 6. august 2020. Opptaka til TV sendinga vil være gjennomført i løpet av 3 timer i tidsrommet 10.00-13.00.



Søkar opplyser vidare at Blink / Lysebotn Opp og NRK ønskjer å lage eit kulturelt innslag frå Kjerag som kan brukast i TV sendinga på NRK1. Innslaget inneberer operasong, og ved å ha dette på Kjerag vil det gi ein ekstra dimensjon til TV sendinga for sjåarane som i år ikkje får sett skiløparane på staden. Dette vil og være eit kjært og etterlengta oppdrag til, og ein moglegheit for, ein kulturbransje som i desse tider har store utfordringar med å få vist seg fram for publikum. Operasong på Kjerag vil bli spektakulært, og opptaka kan og brukast i andre samanhengar av både NRK, arrangør, kommune og artist.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernombordet av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernombordet og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernombordet er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at "*Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging*".

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at "*Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er også forbode*". I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unnatak frå forbodet, og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvalningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvalningsstyresmakta si vurdering kjem den omsøkte helikoptertransporten ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernombordet. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "*Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiene nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.



Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

*"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak".*

I rundskrivet heter det vidare at: *"I vurderingan av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet".*

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta "Retningsliner for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping" på side 74. Her er det utarbeida nærmere retningsliner og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvane. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårlig vær eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennomføre tiltaket.
- "Tidsvindauga" i september er reservert for reportasje-verksemد.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Praksisen med å ikkje gi dispensasjon helikoptertransportar til filming på Kjerag utanom dei to tidsvindauga, vart stadfesta av verneområdestyret gjennom utarbeidingsa av Besøksstrategi for SVR i 2018. I kapittel 4.4.3 på side 49 har verneområdestyret utarbeidd føringar for mellombels installasjonar og bruk av helikopter og droner ved Kjerag. Her heitar det vidare at:

- Det vil ikkje bli gitt dispensasjonar til helikoptertransport til filming og medieføremål eller bruk av droner utanom forvaltningsplanen sine tidsvindauge i juni (fire dagar) og september (fem dagar).
- Det samla talet på helikoptertransportar og droneløyver i dei to tidsvindauga må avgrensast slik at forstyrringa av besökande fotturistar blir så liten som mogleg.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernombåda.

## Vurdering

### Tidlegare forvaltningspraksis

Verneområdestyret har gjeve løyve til helikoptertransport i samband med arrangementet "Kjerag-boogie" i 2012-2020 med heimel i verneføreskrifta, naturmangfaldlova og forvaltningsplanen. I AU-sakane 60/2014 og 15/2016 avslo arbeidsutvalet ein søknadar frå TVP Broadcast A/S og Viasat A/S om helikoptertransport til Kjerag i samband med filmopptak ved Kjeragbolten. Grunngjevinga for avslaget



var at filmopptaket skulle skje utanfor fastsett tidsvindauge. Hæfa A/S fekk og avslag av same grunn i Delegasjonssak RO 25/2017.

I 2019 gav verneområdestyret, i styresak 19/19, Axelar A/S dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i samband med ein liknande søknad. Den gongen var det Therese Johaug og Ingvild Flugstad Østberg som vart intervjua på Kjerag, før dei skulle gå Lysebotn Opp. Verneområdeforvaltar hadde innstilt på avslag i saken. Verneområdestyret grunngav dispensasjonen med at: «*Det presiseres at saken ikkje dannar presedens da dette er et arrangement med lang historikk i Lysebotn og trafikken inn i området er strengt regulert denne dagen.*»

#### Vurdering av presedensverknadar

I samband med utarbeidninga av Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, vart helikoptertransport til Kjerag i samband med mellom anna fotografering, nøyevurdert. Her vart det vurdert som viktig å avgrense slike helikoptertransportar til to faste tidsvindauge på kvar side av hovudsesongen for fotturismen. Det vart og lagt vekt på å avgrense dispensasjonane til medieføremål som kunne bidra til å fremme verneføremål og verneverdiar, samt bidra marknadsføring av område.

Om det blir gitt dispensasjonar utanfor desse tidsvindauga, vil denne kunne skape ein forvalningspraksis som gjer det vanskeleg å avslå andre liknande søknadar i tida framover. Kjerag blir stadig meir kjent ute i verda, og det er lett å sjå føre seg mange slike søknader om filminnspeling dei kommande åra. Det er derfor ei reell fare for at ein dispensasjon vil gje presedensverknader som vil føre til auka helikoptertrafikk på Kjerag, og dersom omfanget av helikoptertransportar blir stort vil dette ha ein negativ innverknad på opplevinga til dei som besøker staden.

I ein marknadsføringssamanheng vil negative opplevingar av helikoptertrafikk ved Kjerag være lite ønskjeleg, slik at ei streng handheving av helikopterdispensasjonane til Kjerag på sikt kan vise seg være ei betre marknadsføring av regionen.

#### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

#### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Det omsøkte landingspunktet ved Kjerag ligg om lag 950 m.o.h i eit til dels flatt landskap dominert av fjell i dagen og elles skrinn vegetasjon. Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfestat av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nyttा sørrområdet har vore i nærleiken av Kjerag den tida dei hadde sendar. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon frå Temakart Rogaland. Her er det registrert ein hekkelokalitet for Tårnfalk i den bratte fjellveggen om lag 400m frå det omsøkte landingspunktet på toppen av Kjerag. Tårnfalk er i oppført som livskraftig i den nasjonale rødlista, men arten er svært sårbar for forstyrningar i nærleiken av reirplassen. Dette gjelder særlig for perioden for egglegging og rusing frå slutten av mai og ut juni.

Så langt forvalningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre



---

opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av den omsøkte motorferdsla.

Kunnskap om kulturminne i området baserar seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det omsøkte landingspunktet ligg relativt nær ein registrert hekkelokalisering for tårfalk, men på ein stad der aktiviteten og flygerutene skaper lite forstyrring. Saman med det relativt seine tidspunktet i hekkesesongen er det truleg liten fare for redusert hekkeseksess. Det er gjeve eit anna løyve for helikoptertransport til Kjerag 17-20.06.2020. Dette gjeld for «Kjerag Boogie» og omfattar om lag 200 helikoptertransportar. I 2020 vart talet på gjennomførte helikoptertransportar 44, noko som langt lågare på grunn av coronasituasjonen. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil den omsøkte helikoptertransporten, etter forvalningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

Det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme, med om lag 60.000 besøkande på årsbasis. Ferdselsteljingar i 2017 og 2018 visar at månadsskiftet juli/august er høgsesongen for denne fotturismen, med om lag 1000-1500 besøkande på Kjerag kvar dag. På grunn av coronasituasjonen er talet på fotturistar truleg langt lågare sommaren 2020.

Dei fotturistane som oppheld seg på Kjerag når helikoptertransporten gjennomførast, vil kunne få ei redusert naturoppleving. I og med at helikopteret trulig ikkje vil opphalde seg nær Kjerag i meir enn om lag tre timer midt på dagen, vil anslagsvis 50 besøkande sjå eller høyre helikopteret.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheten bruk av helikopter som det beste alternativet. Det er mykje tungt utstyr som må transporterast og filmteamet har berre kort til rådighet. §11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### Konklusjon

Det omsøkte tiltaket vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiene i Frafjordheiane landskapsvernområde, men dei omsøkte helikoptertransportane kan komme i konflikt med verneføremålet. Dersom det blir gjeve dispensasjon til bruk av helikopter til Kjerag utanom dei etablerte tidsvindauga, vil det være eit brot med etablert forvalningspraksis, og kan medføre auka helikoptertrafikk i området. Kjerag er ein attraktiv stad for filming og fotografering for mange ulike føremål, og det er viktig at bruken av helikopter i samband med slik verksemld blir nøyne regulert. På sikt kan dette derfor medføre omfattande forstyrringar av fotturistane i område.

**FELLES SOKNADSSKJEMA FOR MOTORISERT FERDSEL I OG UTANFOR  
VERNEOMRÅDA  
I ROGALAND, AUST OG VEST AGDER FYLKE.**

**Generelle opplysningar**

Søkar KAMERAPRODUKSJON AS

Adresse ORSTADVEGEN 132B

Postnummer og stad 4353 KLEPP STASJON

Tlf. 40001162 E-post HELGE@KAMERAPRODUKSJON.NO

Kva type transport er det du søker om? (sett kryss)

- helikopter
- snøskuter
- noko anna motorisert (kva?).....
- Søknaden gjeld IKKJE innan verneområde

Søknaden gjeld for følgjande verneområde? I så tilfelle sett kryss

- Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombra
- Dyrhaieo landskapsvernombra
- Kvandalen landskapsvernombra/Holmevassåno biotopvernombra
- Lusaheia landskapsvernombra
- Vormedalsheia landskapsvernombra
- Frafjordheiane landskapsvernombra (Kjerag)
- Hovden landskapsvernombra
- Steinbuskardet- Hisdal biotopvernombra
- Holmevassåno biotopvernombra
- Vidmyr naturerservat
- Lislevatn naturerservat
- Ljosdådalen naturerservat

Søknaden gjeld gnr...../bnr..... i ..... Sandnes ..... kommune.

Ei søker hjemmelshaver på eiendommen  ja  nei. Viss nei, må skriftlig leieavtale legges ved.  
Ligg det føre andre løyper til motorferdsel på eigedommen?  
.....

skal det leigast inn ein anna person som skal utføra transporten for deg sett kryss og skriv  
namn på transportoren Huldra Film AS og Fonnafly AS



Gjeld søknaden for andre personar i nærmeste familie? Før i så fall opp namn og kva relasjon dei har til søker (det vert maksimalt gjeven løyve til eitt køyretoy pr. tildelt tur)

**Formål**

Utdjup formålet (tal transportar og periode, det kan maksimalt gjevast løyve for fire år med inntil 8 transporter pr. år med snøskuter (dette gjeld for verneområda og løyvet følger kommunestyreperioden)

I forbindelse med Blink / Lysebotn Opp ønsker arranger og NRK sammen å lage et kulturelt innslag fra Kjerag som skal benyttes til TV-sendingen på NRK1. Innslaget innebefører operasang, og ved å utføre dette på Kjerag vil det gi en ekstra dimensjon til TV-sendingen for seerne som i år ikke får sett løpene direkte på stedet. Det er også et kjært og etterlengtet oppdrag til, og en mulighet for, en kulturbransje som i disse tider har store utfordringer med å få vist seg frem til publikum. Operasang på Kjerag vil bli spektakulært, og optakene kan benyttes også til annet bruk for både NRK, arranger, kommune og artist. Optaket vil utføres torsdag 6.august mellom kl 10.00 og 13.00, og vil være anslagsvis 30 minutter. Vi vil kun fly opp artister og nødvendig TV-crew for å gjøre optakene. Lysebotn Opp har i flere år vært av de mest sette sportsprogrammene på posisjon TV-sommerstid, uansett TV-kanal. Etter var oppfølning er dette en flott anledning til å vise de flotte naturområdene regionen har og vi håper at en slik tillatelse kan gis.

**Transportstrekning (startpunkt og endepunkt, kart må leggast ved)**

Øygardsstøl-Kjerag t/r. Inntil 2 turar hver vei i løpet av 6.aug mellom kl 10-13.

Siste tur lander på Kjerag i ca 30 minutter.

**Andre opplysninger**

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon)

Stad Klepp Stasjon Dato 29.jun 2020

Underskrift

**AU 29/20 Eventuell**